

November god måned for TI-aren

07.12.2010



November var ein god måned for Cafe TI-aren i Gamleskulen.  
Dei flinke dugnadsdamene selde for over 5.000 kroner sjølv om ingenting i tysdagskafeen kostar meir enn ein tiar!

Summen var 5.134 kroner og det betyr at gjennomsnittet på dei 5 salsdagane var over 1.000 kroner. Men inntektene kjem godt med for no skal viktige deler av huset rustast betydeleg opp.

Ser ein nærmare på dei utruleg stabile besøkstala viser det seg at vel 30 var innom 2. november. Ei veke etterpå besøkte 35 vaksne og 5 barn kafeen og 16. november var 33 vaksne og 4 barn der. Tala for 23 november var 36 vaksne og 3 barn og 30. november 30 vaksne og 6 barn.

No er vi inne i julemånaden og idag var besøkstalet 23 vaksne og 4 barn. Dette var ein spesiell dag ettersom Selma Eik hadde vakt og lokka med dei mykje omtala melkekakene sine. Men det er nok klart at julestria tek til å gjera seg gjeldande.

(Foto: Ola Matti Mathisen)